



På Høyde

UAVHENGIG AVIS FOR UiB

Over polhavet i 30 år

Publisert: 25. november 2016 **Oppdatert:** 25. november 2016, 09:43





Dag Hellesund

ansvarleg redaktør

På Høyden



Ola M. Johannessen starta sitt eige forskingsinstitutt, litt på trass av universitetsbyråkratiet. No fyller instituttet hans 30 år.

Han sit på eit opprørt hav. Ikkje av vatn, og denne gongen heller ikkje av is. Men av rot.

Ola M. Johannessen (78) ryddar på kontoret sitt, bøker, artiklar og eit og anna måleinstrument er spreidd utover heile rommet. Nedst i ein bunke ligg ei original «Nansenflaske» (<https://nn.wikipedia.org/wiki/Nansenflaske>), eit prøvetakingsinstrument for store vassdjup, som både måler temperatur, trykk og hentar vassprøver frå bestemte djupner.



Lite ressursar i Noreg

Johannessen har nokre år å rydde opp i. Han blei cand. real. i Bergen i 1965, og sia har han berre forska, både i Brasil, Canada, Italia og Noreg. Og med få unntak har det vore polare strøk som har vore forskingsobjektet til den fysiske oseanografen.

« Eg lurte på kva faen eg hadde gjort no

I 1975 kom Johannessen til ei stilling som førsteamanuensis i Bergen, etter å ha jobba for Nato i Italia. Overgangen var brå.

– Eg byrja på Geofysen. Der blei du heilt nullstilt, du fekk løn, men det var stort sett det du fekk. Eg lurte på kva faen eg hadde gjort no, fortel Johannessen.

Skepsis mot fjernmåling

Åra i utlandet hadde gitt han god tilgang til forskingsressursar for å innhente data. Slik var det ikkje på norske universitet på 1970-talet. Dei klassiske oseanografane var skeptiske til å bruke fjernmåling, men Ola M. Johannessen hadde allereie data frå satellittar allereie då han jobba i Canada på 60-talet. I løpet av nokre år fekk dei òg i stand samarbeid som førte til gjennombrøt i isforskinga, mellom anna i det store prosjektet Marginal Ice Zone Experiment (MIZEX) frå 1980 til 88, der 250 forskarar samarbeidde om eit stort forskingsprogram som forska på ulike tema kring iskanten.

– Då fekk vi publisert artiklar i *Science* om korleis iskanten flytta seg, fortel Johannessen.

Når det bles opp, pakkar isen seg saman. Men blir det storm, blir han broten opp. Nansensenteret har vore internasjonalt orientert. Men under den kalde krigen var det ikkje like lett i nordområda, der mellom anna sovjetiske ubåtar hadde sine operasjonsområde.

– På eit tokt i 1977 hadde vi ein russisk isbrytar etter oss heile tida.

Oppstartshjelp av Rieber

Johannessen og ei gruppe kollegaer så mulegheitene som låg i fjernmåling, og ønskte å starte noko for seg sjølv. Ein litt meir tungrodd og byråkratisk organisasjon på universitetet var noko av det som låg bak.

– Eg gjekk til Bjart Nygård, som var ein seglarven, og han snakka med Christian Rieber, fortel Johannessen.

Rieber var positivt innstilt, men og ein forretningsmann. Johannessen sa at dei trengte lokale, og gratis leige i tre år for å komme seg i gang.

– Vi fekk to års gratis leige, humrar Johannessen.

« Så var det berre å begynne å jakte på pengar

Pengejakt

Universitetet i Bergen blei òg ein medstiftar av Nansen Environmental and Remote Sensing Center (NERSC), og oljeselskapet Total blei og med og bidrog med kapital.

– Og så var det berre å begynne å jakte på pengar, seier Johannessen.

Det har senteret vore dyktige på, og dei har ein svært god økonomi. I byrjinga var satsinga mest på satellittbasert måling, og dei har samarbeidd mykje med European Space Agency (ESA).



Kona Bente Johannessen er alt for Ola, inkludert kollega. Foto: Ingvild Festervoll Melien

Frå Grønland til globalt

Eit anna område som har vore sentralt for Nansensenteret er Grønlandsisen, som kan ha stor innverknad på klimaet.

– Eg blei veldig interessert i Grønlandsisen. Om han smeltar vil det tilføre masse, slik at havet stig, fortel Johannessen.

Senteret har brukt ukonvensjonelle måtar å samle inn data på. Mens det vanlege i forskingsverda har vore velutstyrte forskingsskip har Nansensenteret leigd inn seglbåtar for å hente inn data i grønlandske fjordar.

– Vi hadde ein russar som var med på seglbåten, og sjølv flaug eg over i helikopter.

Målet var å finne ut korleis eit varmare atlanterhavsvatn påvirka kalvinga til breane på Grønland.

Vanskeleg å spå om 100 år

Nansensenteret var tidleg ute med å varsle at all sommarisen i Arktis etter kvart kan forsvinne. Sjølv reknar Johannessen seg blant dei moderate klimaforskarane.

– Det er udiskutabelt at vi er inne i ein periode med global oppvarming. Men det er mykje som er usikkert når ein skal sjå 100 år fram i tid. Eg har eit balansert bilete av det heile. Du har dei som er skeptiske, og dei som er overivrige, seier han om klimadebatten.

Senter ute i verda

Nansensenteret har utvikla seg frå å vere eit senter i Bergen til å bli ein internasjonal organisasjon med avleggjar-senter i Sør-Afrika, Russland, Kina, India og Bangladesh, delvis finansiert av overskotet frå Bergen.

– Mi eiga karriere har òg gått frå å vere meir regional til å bli meir global, seier den aldrande men framleis spreke klimaforskaren.

Vekk frå PC'en

Johannessen er ein gründer-type, og har fått kritikk for å ha vanskar med å gi livsverket over til nye generasjonar. Han forskar framleis, har kontoret på senteret, men fokuserer på Nansen Scientific Society, som har mykje å gjere med dei internasjonale sentera.

« Kvar dag står eg
opp, røykjer éin
sigar, og drikk fem
koppar kaffi,
og tenkjer

Sjølv synest Johannessen at han noko uforskyldt blei lasta for å vere ein sjuande far i huset.

– Eg har ingen leiarfunksjonar, og deltek ikkje i diskusjonen om leiarskap i det heile tatt. No fokuserer eg på Nansen Scientific Society. Eg er fullt opptatt med forskning, og framleis klar i toppen. Og body'en henger med òg.

Men eitt råd til framtidige forskarar og andre har Johannessen:

– Kvar dag står eg opp, røykjer éin sigar, og drikk fem koppar kaffi, og tenkjer. Folk tenkjer alt for lite i dag. Dei må sitte utan den jævla PC'en framfor seg kvar dag, og tenkje!



NANSENTERET

Senteret blei stifta i 1986 av Stiftelsen Universitetsforskning i Bergen, GC Rieber & Co AS og Tenneco Oil Inc.

Senteret hadde i 2014 eit søttitals tilsette, inkludert stipendiatar. Dei kjem frå 18 ulike nasjonar.

Omsetnaden i 2014 var på 66,7 millionar kroner, og forskinga er fokusert rundt klimaendring, arktisk og marin fjernmåling, havmodellering og varsling, samt samfunnskonsekvensar av verdsomspennande endringar.

Ola M. Johannessen har leia senteret i fleire tiår, men har formelt vore ute av styret og leiarposisjonar sidan 2012.

Gjennom Nansen Scientific Society har Johannessen halde fram med å styre dei internasjonale sentra i India, Kina, Sør-Afrika, Russland og Bangladesh.

I tillegg til Forskingsrådet og EU har GC Rieber og Trond Mohn vore med på å finansiere forskinga ved senteret.

RELATERTE SAKER



[\(/2015/08/jeg-regner-med-jeg-er-ferdig-med-ishavet-na\)](/2015/08/jeg-regner-med-jeg-er-ferdig-med-ishavet-na)

– Jeg regner med at jeg er ferdig med ishavet nå

[\(/2015/08/jeg-regner-med-jeg-er-ferdig-med-ishavet-na\)](/2015/08/jeg-regner-med-jeg-er-ferdig-med-ishavet-na)

Måndag, august 24, 2015 - 15:12



[\(/2016/10/han-skal-leie-nansensenteret\)](/2016/10/han-skal-leie-nansensenteret)

Han skal leie Nansensenteret

[\(/2016/10/han-skal-leie-](/2016/10/han-skal-leie-)

[nansensenteret](#))

Onsdag, oktober 12, 2016 -

09:24



[\(/2016/08/giftlokket-skyldes-ikke-skipene-i-bergen-havn\)](#)

Giftlokket skyldes ikke skipene i Bergen havn

[\(/2016/08/giftlokket-skyldes-ikke-skipene-i-bergen-havn\)](#)

Måndag, august 15, 2016 - 14:41



[\(/2016/07/far-150-millionar-kroner-forske-pa-arktis\)](#)

Får 150 millioner kroner for å forske på Arktis

[\(/2016/07/far-150-millionar-kroner-forske-pa-arktis\)](#)

Tysdag, juli 26, 2016 - 10:47



[\(/2016/01/vil-samle-vestlandet-til-eitt-institutt-rike\)](#)

Vil samle Vestlandet til eitt institutt-rike [\(/2016/01/vil-samle-vestlandet-til-eitt-institutt-rike\)](#)

Torsdag, januar 14, 2016 - 06:00

Stikkord: [Nansensenteret \(/nansensenteret\)](#), [Ola M. Johannessen \(/ola-m-johannessen\)](#)



Forrige artikkel:

[- Det er sett høge ambisjonar](/2016/11/det-er-sett-hoge-ambisjonar) (/2016/11/det-er-sett-hoge-ambisjonar)

Neste artikkel:



[Nato, Trump og tryggleik](/2016/11/nato-trump-og-tryggleik)

(/2016/11/nato-trump-og-tryggleik)

På Høyden krever at du bekreft e-postadressen din før du kan poste innlegg. Les også [våre debattregler](/send-debattinnlegg) (/send-debattinnlegg).

0 Comments

På Høyden

1 Login ▾

♥ Anbefal

🔗 Share

Beste først ▾

Start diskusjonen ...

Vær den første til å kommentere.

✉ Subscribe

🗨 Legg Disqus til på din nettside Add Disqus Add

🔒 Personvern

DISQUS

[SISTE \(/2016/11/over-polhavet-i-30-ar?qt-more-articles-filter=0#qt-more-articles-filter\)](/2016/11/over-polhavet-i-30-ar?qt-more-articles-filter=0#qt-more-articles-filter)

[MEST LEST \(/2016/11/over-polhavet-i-30-ar?qt-more-articles-filter=1#qt-more-articles-filter\)](/2016/11/over-polhavet-i-30-ar?qt-more-articles-filter=1#qt-more-articles-filter)



Vant fram i sak om fortrinnsrett

(/2016/11/vant-fram-i-sak-om-fortrinnsrett)

(/2016/11/vant-
fram-i-
sak-om-
fortrinns-
rett) En forsker har tapt saken sin i Høyesterett om fortrinnsrett. Forskeren tapte først i tingretten, vant fram i lagmannsretten, men Høyesterett støtter tingrettens avgjørelse, og gir Universitetet i Oslo medhold i saken.



GA RÅD TIL BRENDE: Nato, Trump og tryggleik

(/2016/11/nato-trump-og-tryggleik)

(/2016/11/nato-
trump-
og-
tryggleik) Polariseringa mellom USA og Russland er aukande, og var i fokus då utanriksminister Børge Brende gjesta Aulaen i Bergen for å få innspel i utanriks- og sikkerheitspolitikken.



ROKNE: - Det er sett høge ambisjonar

(/2016/11/det-er-sett-hoge-ambisjonar)

(/2016/11/det-er-
sett-
hoge- No er eg først og framst utruleg glad, seier Berit Rokne.



Ho blir rektor på Høgskulen på Vestlandet

(/2016/11/ho-blir-ektor-pa-hogskulen-pa-vestlandet)

(/2016/11/ho-blir-ektor-pa-
hogs- UiB-professor Berit Rokne (61) har fått jobben med å leia den nye Høgskulen på Vestlandet i ein åremålsperiode på fire år.

[ambisjo](#)
[nar](#)).



Behandling av rektor-tilsetning drog ut i tid (</2016/11/behandling-av-rektor-tilsetning-drog-ut-i-tid>)

(</2016/11/behandling-av-rektor-tilsetning-drog-ut-i-tid>) Rektor for Høgskulen på Vestlandet (HVL) blei tilsett på interimstyremøtet torsdag. Men det var tett løp mellom kandidatane, og diskusjon rundt kven ein skulle velja.



32 500 årsverk går til fagfellevurderinger i biomedisin (</2016/11/32-500-arsverk-gar-til-fagfellevurderinger-i-biomedisin>)

(</2016/11/32-500-arsverk-gar-til-fagfellevurderinger-i-biomedisin>) Forskere innen biomedisin brukte 63,4 millioner timer på fagfellevurderinger i fjor, viser en nypublisert studie. – Gørrkjeldelig gratisarbeid, sier UiO-forsker.

[hogskul](#)
[en-pa-](#)
[vestland](#)
[et](#)).



(</2016/11/rektor-truet-med-ga-av>)

MOLDE: Rektor truet med å gå av (</2016/11/rektor-truet-med-ga-av>)

Rektor Hallgeir Gammelsæter ved Høgskolen i Molde truet med å trekke seg dersom høgskolestyret vedtok å utrede fusjon med NTNU. Professor Kai A. Olsen mener høgskolen må finne seg en ny rektor. Rektor vil ikke kommentere mistilliten.



(</2016/11/samlar-baerekraftig-oppdrettsforskning-pa-perfekt-tidspunkt>)

Samlar bærekraftig oppdrettsforskning på perfekt tidspunkt (</2016/11/samlar-baerekraftig-oppdrettsforskning-pa-perfekt-tidspunkt>)

Nye typar oppdrettsanlegg og fôrtypar er noko av det som kan komme ut av forskinga.

Meld deg på vårt nyhetsbrev og få oppdateringer rett til din e-post!

MELD PÅ

På Høyden

På Høyden er Universitetet i Bergen si uavhengige avis, som sidan januar 2001 blir publisert på internett. På Høyden blir redigert etter Redaktørplakaten, Tekstreklameplakaten og

[▶ Om På Høyden](#)

[▶ Send debattinnlegg](#)

[▶ Tips oss](#)

[▶ RSS](#)

Kontoradresse Postadresse

Christiesgate 13 På Høyden

5007 Bergen Pb 7800

5020 Bergen

Ver varsamplakaten.

Design: [Tank](#) | Nettløsning: [Ramsalt](#)